

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 09.05.2017

Emil Gadolin (A) sette fram slikt forslag:

«Tillegg til punkt 1:

Det bør likevel tas i betraktnsing at en slik ordning kan gå ut over breddekompetansen til den enkelte elev, målt opp mot elever i ordinære yrkesfaglige løp.»

«Tillegg til punkt 3:

Det kan imidlertid stilles spørsmål ved hvorvidt dette faget er tilstrekkelig til å gi den enkelte elev et like godt grunnlag for videre opplæring som andre elever fra ordinære yrkesfaglige løp.»

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram slikt forslag:

«Tillegg til punkt 4:

Fylkesutvalet vil likevel påpeika at det innan nokre programområde kan medføre faglege utfordringar å halde fram opplæring på VG2 utan først å ha gjennomført VG1.»

Røysting

Gadolin sitt forslag tillegg til punkt 1, vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 4 røyster (2H, Frp). Gadolin sitt forslag til tillegg til punkt 3 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 5 røyster (H, 1Frp, MDG).

Strømmen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet meiner at eit kryssløp frå Vg1 studiespesialiserande utdanningsprogram til Vg2 yrkesfaglege utdanningsprogram vil vere ei god ordning for elevane. Det vil gjere at mange av dei elevane som ønskjer å ta yrkesfag, no får eit høve til dette utan at dei må starte på nytt på Vg1. Dette er elevar som har bestemt seg for eit yrkesfag og for læretid i bedrift. Dersom tilbodet blir dimensjonert ut frå kor vi har for lite elevar i forhold til læreplassar, vil eit slikt høve gjere at fleire kjem ut i lære. Det bør likevel takast i betraktnsing at ei slik ordning kan gå ut over breiddekompetansen til den enkelte elev, målt opp mot elever i ordinære yrkesfaglege løp.
2. Fylkesutvalet meiner at framlegget til fag- og timefordeling er akseptabelt.
3. Fylkesutvalet støttar at det nye faget får namnet yrkesfagleg opphenting. Det kan likevel stillast spørsmål ved kor vidt dette faget er tilstrekkeleg til å gje den enkelte elev eit like godt grunnlag for vidare opplæring som andre elevar frå ordinære yrkesfaglege løp.
4. Fylkesutvalet legg til grunn at det vert fastsett nasjonale rammer med forskriftstatus der elevar som har fullført Vg1 studiespesialisering, kan søkje direkte til alle dei yrkesfaglege programområda på Vg2. Fylkesutvalet vil likevel påpeika at det innan nokre programområde kan medføre faglege utfordringar å halde fram opplæring på VG2 utan først å ha gjennomført VG1.